

Veg til hytta – utvidelse / Flatøyvegen 130 / gnr 1, bnr 403.

Notat frå samtale med Hilda og Sigmund Austegard 1. februar 2014.

Berit Sofie Hoffstad og Henrik Brigtsen eig kvar ein halvdel av tomten og hytta.

Vegen går oppover frå utkanten av tunet til Edvin Austegard, Flatøyvegen 126, er ein gamal kjerreveg og er om lag 100 m lang.

Vegen ligg i heile lengda på Sigmund og Hilda Austegard sin eigedom, gnr 1, bnr 12.

Flatøyvegen 130 har bruksrett til veggen.

Med ei mindre utbetring etter delvis utrasing i øvre del er veggen slik den har vore i lang tid.

Vegen vert mest vert brukt som gangveg, men er i såpass god stand at ei stor gravemaskin (1,7 tonn) som vart nytta ved utvidinga av hytta, kunne ta seg opp langs denne veggen.

I lengda vert det likevel noko tungvindt stort å sett bera opp eller å nytta trillebåre til det som trengst av utstyr og materialar.

Hytta er mykje brukt heile året. Det er difor ønskjeleg å få utvida veggen slik at i alle fall den nedste halvdel er kjørbar. Denne delen av veggen ligg i ei ”kløft” og er knapt synleg på avstand.

Ev utviding av øvre halvdel vil i hovudsak liggja på hytteeigarane sin grunn.

Utvidinga er tenkt slik :

- ”Hjørnet” der veggen startar vert trekt 3 – 4 m innover (sprengt bort).
- Oppover i ei lengd på ca 25 m vert veggen utvida med om lag 1,5 – 2m på høgre sida.
- Gamal jordkjellar på venstre sida skal ikkje skadast.
- Snuplass- / P-plass kan lagast etter utviding av nedre halvdel av veggen
- Etter avtale med grunneigar kan ev noko av dei utskotne steinmassane plasserast på høgre sida av veggen slik at snu- og P-plass vert noko romslegare.
- Etter utviding av nedre halvdel kan vidare utviding takast på venstre side, i hovudsak på bnr 403
- Kompensasjon for medgått areal til utviding drøftar partane når planar er utforma.

Merknad som gjeld eigarane av nabohytta, Flatøyvegen 128, gnr 1, bnr 399.

- Tidlegare eigar sin muntlege avtale om veg opp til eigedomen vil ikkje koma i konflikt med den skisserte utvidinga, ev kan utskotne steinmassar verta tilgjengelege
- Heller ikkje vil ev P-plass på nedsida av jordkjellaren verta hindra – også her kan steinmassar nyttast
- Eigarane av nabohytta kan, om dei vil og etter avtale, samarbeida om vegutløysing for eigedomen med grunnlag i utvidinga skissert ovanfor

I samtalen gjorde underteikna merksam på at pensjonert kollega frå arbeidsplassen, ingeniør og prosjektleiar, ville verta kontakta for å skissera plan for utvidinga.

Nabo Edvin Austegard er i samtale orientert om utvidingsplanen – ingen merknad.

Notatet vert sendt til Hilda og Sigmund Austegard for gjennomgang og ev merknader.

Henrik Brigtsen

07.02.2014

55 18 04 62 // 916 16 972 // hbright@online.no